



Refsneset rådgivning v/John Hoshovde
Rugdeveien 37
5097 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/685 - 15/4674

Sakshandsamar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

19.10.2015

Melding om delegert vedtak - oppstart grunnarbeid - gbnr 50/160 Stordalen

Administrativt vedtak. Saknr: 106/2015

Tiltakshavar: Berge

Hoshovde

Ansvarleg søkjar:

Refsneset rådgiving

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova
(pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova, og godkjenner søknad om planering av tomt og gangveg til fritidsbustad.

Søknad mottatt 09.10.2015, vert godkjent på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.10.2015 med heimel i pbl 29-4.
2. Avkjørsla skal byggjast slik att overvatn ikkje renn inn på den kommunale vegen.

Grunngjeving:

Tiltaket er i trå med Reguleringsføresegner Fagerbotn Hyttefelt, Stordalen.

Heimel:

Plan – bygningslova

Reguleringsføresegner Fagerbotn Hyttefelt,

Masfjorden v/rådmannen har gjort vedtak om at eigedomen dykkar, gnr 50/1 fnr 21, skal ha følgjande offisiell adresse:

Bjørn West-vegen 148

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Refsneset rådgiving	912068196	L		Ansvarleg søkjar
PRO	Refsneset rådgiving	912068196	L		Overordna ansvar for prosjektering
UTF	Egil Førde	964268657	L		Grunnarbeid og landskapsutforming
UTF	Refsneset rådgiving	912068196	L		Innmåling og utstikking av tiltak

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr – bustad/fritidsbustad	1	8100,-

10.3.3	Godkjenning av foretak	1	1650,-
	Totalt gebyr å betala		9750,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
fungerande teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

50160

Kopi til:

Andreas Berge Hoshovde

Kvernhusrenen 58 5200

OS

Saksutgreiing:

1 Bakgrunn

Saka gjeld søknad om plannering av tomt til fritidshus, og gangveg frå kommunalveg, gbnr 50/160, Fagerbotn.

2 Uttale

Tiltaket er nabovarsla, det er ingen merknader til søknaden.

3 Høyring

Ikkje naudsynt.

4 Fakta

Søknaden gjeld søknad om plannering av tomt til fritidshus, og gangveg frå kommunalveg, gbnr 50/160, Fagerbotn.


Avkjørsla skal byggjast slik at overvatn ikkje renn inn på den kommunale vegen.

Skred:

Det er utført skredfarevurdering, utviding av Fagerbotn hyttefelt, Masfjorden kommune.

Området for utviding av hyttefeltet tilfredstiller kravet til tryggleik mot skred for tryggleiks-klasse S2 i TEK10 § 7.3. Likevel bør desse anbefalingane imøtekomast:

- Unngå å utføre større inngrep på ryggen over tomtene (omfattande planering, fjerning av skog) som kan auke snøskredfaren
- Eventuelle lause blokker på nederste brattkanten bør fjernast eller sikrast



Utsnitt fra aktsemdskart for snøskred

Adresse:

Vedtaket om adresse tildeling er gjort i medhald av §21 i lov av 17. juni 2005 om lov om eigedomsregistrering og tilhøyrande forskrift §§10, 49 og 50 av 26. april 2009 om forskrift om eigedomsregistrering.

5 Vurdering

Refsneset rådgiving vert godkjent som ansvarleg SØK for tiltaket, og er ansvarleg for att alle oppgaver er belagt med ansvar.

6 Konklusjon

Jf, vedtak.

Mottakarar:

Refsneset rådgivning v/John
Hoshovde

Rugdeveien 37 5097

BERGEN